

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
031/15	Levekårsutvalet	PS	28.04.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Anne Wergeland	14/3902

Nordhordland kursregion (NKR) - årsmelding 2014

Vedlegg:

Årsmelding NKR 2014.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Levekårsutvalet tek årsmeldinga til orientering.

Levekårsutvalet - 031/15

LE - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Levekårsutvalet tek årsmeldinga til orientering.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

Bakgrunn

Nordhordland kursregion er eit samarbeidsorgan for skule- og barnehageområdet i Nordhordland. Samarbeidet omfattar kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Hovudmålsetjinga for kursregionen er:

- å arbeide for å halda ved like og vidareutvikle kompetansen til personalet i barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæringa.
- å vera eit forum og ein reiskap for dei deltakande kommunane til å fremja ei god fagleg utvikling på skule- og barnehageområdet.

Vurdering

Årsmeldinga syner at Nordhordland kursregion er eit godt interkommunalt samarbeid på vesentlege område innafor barnehage og grunnskule.